


Skorpo-klage blir avvist

20.06.2009



Onsdag skal forvaltningskomiteen igjen handsama saka om frådeling av eit tilleggsareal til ein fritidseigedom like ved Mjødnasundet.

Rådmannen går inn for at komiteen ikkje skal ta klagen til følgje og oppretthalda det negative vedtaket som vart gjort i mai.

Der vises det til forbodet mot byggjing i strandsona og at det ikkje ligg førre særlege grunnar etter lova til å gje løyve.

Svein Skorpen, Onarheim, er klagar.

Han hevdar at vedtaket vart teke på feil og manglende grunnlag, mellom anna fordi sakshandsamar har oppgjeve at 70 prosent av det omsøkte areal ligg innafor funksjonell strandlinje.

Klagaren hevdar også at ønska areal ligg utanfor stranda og at arealet ikkje går heilt ned til denne.

Administrasjonen anslår at det rette talet er 50 prosent. Administrasjonen meinar og at sjølv om arealet ligg ovafor sjølve stranda, vil frådeling likevel privatisere deler av denne og leggje beslag på ho.

Administrasjonen vurderer funksjonell strandsone som eit landområde som står i innbyrdes samspel med sjøen. Det er ønskjeleg å kunne ta særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser i strandsona, blir det påpeika i saksutgreiinga.

Av Ola Matti Mathisen